Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Torvastad

Emne: Frå robåt til seglbåt | Bygdelag: Karmsund

Oppskr. av: Margreta Haaland-Slange. | Gard: Haaland

(adresse): Nordbø på Karmøy | G.nr. 13 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Knut og Bolla Christiansen, Fiøy Fiskar. f. 23/4-79 og 30/3-78 - Båe Torvestad
Jakob. R. Hausken f. i Torvestad 1881 Fiskar - Peder Hausken Fiskar f. i Torvestad i 80 år.

SVAR

1. Til fyrst i det 20de årh. var det ro og segl-båtar av ulik storleik. Som oftest fekk båtane namn etter dei som bygde dei. Det var Bokuabåtar og Hordingbåtar eller Oselvingar som vart mest brukt -. Bokuabåtane er dei yngste.

Færingane eller linebåtane var dei minste. Dei var 18-20 fot, helst med 2 par årar og ein til to mann. Seksæringane eller Tiæringane var litt større. Desse båtane var til heimebruk, hummar og småfiske.

Til sildafisket og garnfisket var det større og sterkare bygde båtar-nollbåtar. Dei var fra 24-25 fot med 5 mann, til 35 fot og 8-9-10 mann.

Utanom årar hadde dei sjølvsagt segl.

Til sildafisket var 1 nollag = 10-12 mann, og utanom nolbåten hadde dei ein mindre færing som dei kalla lettbåten. Nolbåten vart rodd av 6 nevesterke karar, og bak sat eller sto båtbasen og styrde. I lettbåten var 3 mann, 2 rorkarar og nolbasen. Nolbasen var den øverste, og kommanderte yver båe båtane, og passa på at dei held seg i nærleiken av kvarandre når dei kasta.

Elles kunde det henda at dei kom for

14589

nøre andre notlag og so kunde det verta usemja. Hadde dei segelt ofese, styrde notbasen, og dei andre passa segli
Noti låg midt i båten. Notbasen styrde og kommanderte, og alle dei andre vor med og sette eller drog.
Vor det 2 notlag på ei skøyta vor det 2 basor og 2 fôrungar-lettbåtar - Då var dei ialt kring 20 mann.
Til „lossement" hadde dei store jekter eller sløgjyter, og dei hadde koier og benker i romet og låg der. Stundetider vor dei kokkar eller tvo, - ei veka kvor på dei mindre båtar men som oftast hadde dei kokk med. Han hadde sjølvsagt ingi utdaning, so det gjekk stundetider so som so. Dei store notlag hadde gjerne ein skipper eller hövedsmann, og ein tilsynsmann på „lossemente" utanom fast kokk.
Etterkvart motorbåtane aue kom ibruk, vart det slutt med „lossementa" på sjøen; no som dei iland.
Det vor notbasen som tok avgjerdslene, men han samrådde seg som oftest med dei andre ~~om~~ kvor dei skulde segle, kasta, gjera notlag med andre, selja silda o.a.
Utbytte: Regelen vor at 10 % gjekk til lossemente. Resten vart delt i 2. Den eine parten gjekk til reiskapane og båten, den andre til
× mannskapet. Den vart kalla „fiskeloten" eller berre „loten", og den varierte sjølvsagt etter som ~~den~~ fisket vor godt eller dårleg. Ein „lot" på 100-kr- vor godt fiske. Vart fisket heilt mislukka, måtte notreigaren garantera for kosten, seinare vart det og
× Mannskapet kunde og ha not eller garn, og då fekk dei sjølvsagt sin part på reiskapen utanom „loten".

14589

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5



1. til at dei skulde ha 1 kr dagen utanom kosten og fritt losji. Men fiska dei so bra at det vart „lot" fall sjølsagt hyra burt. Noko utdanning hadde dei ikkje. Dei tok til som unge og so løste dei litt for kvart år – det fyrste året laut dei ofte ta kokejobben; og elles slikt skittarbeid som dei kunde greia, og dei andre ikkje vilde ha. Elles vart det kravd at dei var friske, sterke og snar i snuen. Den som rodde fisket for fyrste gong vart kalla nothund. Han vart „stempla" som dei sa. To av dei kraftigaste tok han ein i føtene og ein under armane og dunka han kraftig med baken i dekket 3 gonger. Dessutan laut han og oftast kjøpa „drikka", so det gjekk helst litt lystig for seg.

– Hende det at dei låg i land – på loftene – betala dei 10-20 øre natta –

II. Den fyrste motoren kom til Fogna i 1904. Som til fyrvaktar Wenneck fekk fat i ein liten motor hjå onkelen sin, Haldorsen på Rubbestadneset. Den monterte han i ein liten lystbåt, og med den gjekk han turar til Haugesund med folk, eller etter doktor o. a. Det var ein liten „Wiemann" eller „Rubbestadmotor" dei sa, og til dei fyrste motorar brukte dei både olja og vasstank. Den neste motoren var det visstnok Knut Duag som kjøpte, og den vart sett inn i ein gamal fiskebåt som han hadde bygd sjølv. Han og bruka den mest til lystturar.

Her på Torvestad kom den fyrste motoren i 1910. Det var Jakob R. Hausken som kjøpte den, men han brukte den ikkje fyrr våren 1911 i vårsildfisket. Året etter kjøpte Peder Bentsen f. 1862 – og han brukte den fyrste gong på sildafisket 1912. Peder Hausken fekk og ein lag på same tid

14589

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Jakob R. Haukken sin var ein 7 hestes „Wicmann" og han sette den inn i den gamle lodskjøyta si; Skøyta tok 70 mål. Peder Benkon sette sin i ny båt (50 mål)
Knut Duøy er fødd på Tøyna i 1862, og budde der all si tid. Han var ein vyrd fiskar, noko sers formue hadde han visst ikkje, men han var ein flink fiskar og klarte seg sjølv.
Jakob R. Haukken og Peder Haukken er fødd i Haukkevågen, og har budd der all si tid. Peder Benken / 63. er fødd på Osnes og ~~har~~ budde der all si tid. Dei har alle vore vyrde og flinke fiskarar som alltid har greidd seg sjølv; og styrt vetugt med det dei har hatt.
Truleg er det skyldskapen Haldorsen - Munck men elles var økonomien helst dårleg som har gjort sitt til at ein her fekk kjennskap til motoren. Alle dei fyrste motorar var „Wickmann".
Nei, motorlorte agentar var her ikkje, men her for agentar stundetider, og so snakka dei med einannan. Lærdommen fekk dei helst med å snakka med einkvan som hadde motor fyrr - og elles prøvde dei seg fram, for den som hadde motor fyrr, fortalde helst meir enn dei andre forstod. Jakob R. Haukken fortalde at han reiste sjølv til Rubbestadneset og kjøpte motor. Gamle Haldorsen skulde vera med på prøveturen, og han sa til Jakob at; „Du får læra setja igang og stella med 'an sjølv."
Kunde dei ikkje reparera sjølv var der verkstad i Hysd.
Dei fyrste motorar var alle „Wickmann" - 6-7 hestar 2 taks eller 4 taks
Jakob. R. Haukken skifte seinare ut Wickmann

14589

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

hadde dei ikkje skikkeleg gleda av dei. Og lytte dei ut den gamle, fekk dei seg albeid nej.

Jakob fortalde at dei eingong passerte ein båt med motorstoppe. „Har de høgst gjeve helvedesmaskinos?" ropa dei. „No hør ein her, vil de koma burt å hjelpa" oss med å hiva den på gjain?"

Sunse meinte at motorane skremde fisken burt der det var grunnt vatn.

Dusa var nok dyr, men hadde ein skikkeleg motor hadde ein fordel av det.

Fåleg i styggever meiner dei den ikkje var, Tueslorm. Nokoslags protestar har eg ikkje høyrt om, heller ikkje om demonstrasjonar. Auknamn har her heller ikkje vore.

III: Ettersom ein fekk motor i båtane vart det lettare og snøggare å koma fram, og ein kunne fara lenger burt. Vindstille er heller ikkje noko hindring lenger. Båtane er vortne sterkare og større. Heimefisket er heilt omlagt. Før laut dei ro eller sigla ut, ~~og~~ drog gjerne på ein eller fleire småbåtar, og det hende at dei var ute eit døger eller tvo.

Båtlagi er ikkje serleg forandra, og mannskapet er omlag som før, 4-5 mann. Men har ein større båtar er og mannskapet større. Om vinteren på seljigarnfisket er dei kring 7 mann, 8-10 når dei har not. Arbeidsdelingi er og omlag som fyrr, ein styrer, ein er i maskinen, ein kokar og dei andre har kvar sitt. Når dei dreg er alle med, likeins når dei set.

I fyrstningi var ingen motorkyndig. Dei lærte av andre og eigen praksis, men no er det vanleg at den som steller med motoren er motorkyndig, anten det er skulelærdom eller praktisk røynsle. Den som steller motoren har ingenting med navigeringi å gjera.

14589

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

11. og fekk ein Kamn, 16 hester 2 taks. No brukes dei berre 4 taks dersom dei ikkje har diesel. I småbåtar brukar dei 4 taks; merkene kanar vera so forskjellig; men dei brukar mykje „Rapp" her. Ein av dei største båtane er „Alkassa", den har ein 70-80 hesters „Rapp"

Dei fyrste motorane kosta frå 700-kr og oppover til 1500-kr - alt etter størrelsen. Men med åri har prisane stege.

Som affect hadde fiskerane prøvt å leggja tilsides noko kroner frå år til år, so den fyrste motoren betalte dei kontant, anten ein åleine, eller 2-3 stykker slo seg saman. Men når den var utsliten, hadde dei ofte ikkje pengar til seg, so då laut dei låna, anten av grannar eller i bank mot kausjon av grannar eller andre.

No er det lettare, sidan dei har fått fiskeribanken.

Tidene var vel helst dårlege då motorane kom i bruk. Sildefisket kunde variera mykje frå år til år, og prisane kunde variera frå 6-12 kr målet. Det almindelige var 8-10 kr. Russehandelen spela då som no stor rolle.

I fyrstningi bruka dei motoren som hjelpemotor ved sida av full seilføring. Dei fleste hadde og vel liten motor, og såg det som ein fordel at dei kunde spara lenge på motoren og olja.

I fyrstningi helst i opne båtar, men Gustav og Jakob Haucken sette den i Bestashoyta med dekk. Elles vart båtane gjerne forlengde og forstørra, mastene vart kortare og riggen mindre, og klyverbommen vart avskaffa - kuttsaga. „Jakob Haucken fortalde at då faren saga burt klyverbommen sa bestemor: „Det er godt at bestefar ikkje ser det".

Jamnt yver var dei nøgde med motorane. Men avdi ~~dei~~ dei fleste ikkje kunde noko med motorane, og motorane heller ikkje var like gode

14589

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

IV

III. Det kann nok henda at „båten" er yngre enn mannskapet, men det plar gå bra likevel.
Folki må vera like sterke som før, for drifti er so mykje hardare, og jamnast er det mindre landliggje no enn tidlegare.
Fiskarane er svært nøgde med motordrevne farty, det er helst prisane dei klagar på.

IV. Dei fyrste fiskebåtane var som nevnt Hardingbåtar – Boknabåtar eller listaskøyter. No er dei bygde på dei forskjelligste plassar. Dei er vortne større og sterkare og er utstyrte med forskjellige av dei nyaste navigasjonsinstrumenter.
Ekkolodd er vanleg, Radar ~~og asdic~~ er av (asdic) nyare dato men svært nyttig. Radiotelefon er vanleg.
Garni er vortne større, og gjerne no av nylon. Likeins nøtene. Sild- og lyregarn er no helst av nylon, likeins makrellgarni. Til vintersildfisket er det til denne tid same slags garn som har vore brukt i ummindelege tider. Nylon snurpenøter er ikkje vanleg enno, dei er dyre, men gode.
Landnøter er so å segja gjengen ut, snurpenota har teke plassen.
Trålarar er her ikkje mange av. Sør på øyna er det to–tre flyteträlar.
Til ~~Reke~~ rekefisket vert brukt botn-trål.
Elles er det helst berre lovord å høyra om alt det nye – det er berre det at det fell dyrt. Sume meiner nok at radar og asdic skræmer sildi.

14589

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING